


DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM

Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep

0030 Oslo



20.05.08

HØYRINGSFRÅSEGN – NOU 2008:7 KULTURMOMSUTVALET

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vil med dette gi sin fulle støtte til kulturmomsutvalets konklusjonar i NOU 2008:7. Så vidt vi kan vurdera det, har utvalet gjort eit grundig arbeid, som munnar ut i ein naturleg konklusjon.


For eit museum som vårt vil framlegget om å innføra moms etter "breiddemodellen" vera ei god og rettferdig løysing. Stoda i dag vert ikkje opplevd som rettferdig. No får museum som vert drivne i statleg, fylkeskommunal eller kommunal verksemd frådrag for inngåande moms, medan museum som er organisert som stiftingar ikkje får dette. Det er bra at innstillinga legg opp til likebehandling, uavhengig av organisasjonsforma for musea.

Om utvalet si innstilling vert vedteken, vert det også lettare for museet å kjøpa tenester, t.d. av eksterne vakt- og handverkartenester. Det vil også gjera investeringar lettare å gjennomføra.

Vi driv i dag både museumsbutikk og kafé, og i verksemda vår opererer vi delvis med fullt frådrag, delvis forholdsmessig frådrag og med kostnader utan frådrag av meirverdiavgift. Dette er krevjande å administrera, og er ei ordning som til ein viss grad må basera seg på skjønn. Kulturmomsutvalet si innstilling gjer at vi vil få eit enkelt og einsarta regelverk å forholda oss til.

Vi håpar at Kulturmomsutvalet ei innstilling så raskt som råd vert følgd opp med vedtak, og at utvalet sine framlegg til endringar i meirverdiavgiftsregelverket vert sett i verk så raskt som råd.

Med helsing



Aage Engesæter
Direktør